

## Regnbogebøner til bruk i fastetida – kyrkjeåret 2022/23

- *Vert bruk som samlingsbøn i fastetida.*
- *Ljosa frå tidlegare søndagar vert tente på førehand.*
- *Denne teksten vert lesen som innleiing til bøna for dagen:*

«Tekstane i fastetida handlar om freistingar og farar, om kampen mellom det gode og det vonde. I forteljinga om Noah i 1. Mosebok derimot, les me at Gud sette regnbogen på himmelen som eit teikn på håp og ei påminning om vern mot øydelegging.

Difor tenner me regnbogelysa no i fastetida, eitt nytt lys for kvar søndag. Det er sju fargar i regnbogen, og sju veker i fastetida. For kvar ny farge er det eit nytt tema og ei bøn.»

«I dag tenner me lyset for

- Kjærleik (fastelavnssøndag)
- Forandring (1. s i faste)
- Rettferd (2. s i faste)
- Håp (3. s i faste)
- Vatn (4. s i faste)
- Fellesskap (Maria bodskapsdag)
- Den stille veka (Palmesøndag)»

*Ljoset vert tent, deretter les ein bøna for dagen: (sjå neste side)*

## **Fastelavnssøndag**

Kjære Gud, takk for fastetida.  
Den gjev rom for både handling og refleksjon. Lat oss ikkje verta for sjølvopptekne, men hjelp oss så vi rettar blikket utover og ser dei mange som treng din kjærleik. Minn oss daglig om at det er vi som er dine hender og føter.  
Gud, vi bed. Amen.

## **2.søndag i fastetida**

Kjære Gud, du som skaper og frigjer.  
Takk for at du har gjeve oss jorda. Minn oss alltid på at vi har henne til låns. Gje oss mot til å forandra fastlåste tankesett, og bruk evnene våre til å ta vare på kloden vår. Hjelp leiarane våre til å gjera berekraftige val og vedtak.  
Gud, vi bed. Amen.

## **4.søndag i fastetida**

Kjære Gud, takk for dine livgjevande dråpar. Dei stiller tørsten og gjev oss nye krefter. Hjelp oss å sjå at vatn skaper rettferd, og til å forstå kor verdfullt vatnet er så vi ikkje ureinar eller sløser med dine gode gåver.  
Takk også for dåpsvatnet som gjev oss nytt liv.  
Gud, vi bed. Amen.

## **1.søndag i fastetida**

Kjære Gud, du som skaper alle menneske i ditt bilete. Lat oss sjå kvarandre slik du ser oss, så vi ikkje vert freista til å laga skilje mellom oss og dei andre. Hjelp oss så vi kan bidra til at alle menneske får dei grunnleggjande rettane sine til vatn, mat og tryggleik.  
Gud, vi bed. Amen.

## **3.søndag i fastetida**

Kjære Gud, takk for at du har gjeve oss evnen til å håpa. Lat oss bruka håpet til å skapa forandring i oss og rundt oss. Gje oss mot til å ta vare på skaparverket ditt også når det kostar. Gje krefter og kreativitet og heilagt utålmod.  
Gud, vi bed. Amen.

## **Maria bodskapsdag**

Kjære Gud, du møter oss menneske med nåde og fred. Takk for alle som brukar dei sjanske dei har til å skapa ei meir rettferdig verd. Hjelp oss å byggja fellesskap, og velsign alle som er med på Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.  
Gud, vi bed. Amen.

## **Palmesundag**

Kjære Gud, takk for at du gav oss Sonen din, Jesus Kristus, som vart prøvd i alt. Ver med alle som opplever sorg og smerte.  
Vi ber om fred og rettferd for alle menneske.  
Minn oss daglig om at det er vi som er dine hender og føter.  
Gud, vi bed. Amen.